



**HØGDEBASSET PÅ SÆBØ:** Båten symboliserer strilane og utferda til Amerika, og sjøfisket som ein av hovudnæringsvegane i gamle dagar. (Foto: Egil Olsvold)



**EIGE UTTRYKK:** Kunstnaren bak PEACETU er brasilianske Rodrigo Vitorio Lisboa Souza. Han har vore gatekunstnar sidan han var 11 år.



# Sette sitt merke på skulen

**MANGER:** – Kult å få setja eit merke på barne-skulen som kjem til å stå her i lang tid, seier Stig Morten Halland (12). Han går siste året på Manger barneskule.


**GRO ANETTE FANEUST**  
gro@nordhordland.no

- Eg har tenkt litt på korleis signaturen min skal sjå ut, men har den ikkje heilt klar enno, seier Stig Morten bak den kvite maska, og med sprayboksen i handa. Han er i ferd med å gjera ferdig sitt kunstverk som består av fargerike dragar med eit spesielt merke i midten.

- Det er merket til traktoren min, fortel Stig Morten stolt, og fortel at han har eigen traktor heime.

### Fargerik kunst

Dei siste dagane har Auste-bygd og Manger barneskular hatt besøk av den brasilianske graffitikunstnaren PEACETU, eller Rodrigo Vitorio Lisboa Sousa, som han eigentleg heiter. Hjá han har elevane lært litt om historia bak graffiti-kunsten, og dei



**FRISKT:** Den grå veggen får nytt liv med fargerike motiv frå elevane.



**KREATIVITET:** Anja Grindheim (14) synes det er kjekt at skuledagen av og til kan handla om kreativitet.

har fått klypt ut egne mønster som skal nyttast til graffitikunst. Rodrigo starta allereie som 11-åring å markera seg i gatene der han vaks opp i Brasil, og i 1991 flytta familien til metropolen Salvador. Her utvikla PEACETU sitt spesielle uttrykk med estetiske formar og sterke fargar. Sidan har han vore med på mange samtidsprosjekt og hatt fleire utstillinger, mellom anna i New York.

### Kreativitet i fokus

Anja Grindheim (14) synest det har vore veldig spennande å vera med på taggingprosjektet på skulen.

- Det har vore spennande og lærerikt, samstundes som ein får vera kreativ og setja sitt eige preg på skulegarden. Tagging utan lov er ikkje kult, men tagging kan også vera kunst, stadfestar ho.

Det er Vestnorsk Utvandringssenter som har tatt initiativ til graffitikurset, for å nå ut til ungdom.

- Ofte tenker vi på det vi har sendt til Amerika, men vi har også fått mykje derifrå. Mellom anna graffitikunsten, seier Ida Heierland ved Vestnorsk Utvandringssenter.

**KUNST:** Stig Morten Halland (12) fekk ein liten del av kunstveggen ved Manger barneskule der han no går siste året.

